



Norconsult v/ Marco Böhm

Vår referanse  
23/51 23/4550

Din referanse

Sakshandsamar  
Elise Hjelle Sandvik

Dato  
25.04.2023

## Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for Dinglavatn


### REFERAT FRÅ OPPSTARTMØTE

Namn og planident til planen	«Detaljregulering for Dinglavatn» PlanID 2023001 (Volda kommune) PlanID 1520_2023003 (Ørsta kommune)
Møtedato	29.3.2023
Møtedeltakarar	Frå Volda kommune møtte Berit Sandvik Skeide, Jørgen Vestgarden og Elise H. Sandvik frå utviklingsavdelinga. Siv Heggen Eltervaag frå Volda kommune, vatn og avløp. Edvin Løfoll frå veg og park.  Frå Ørsta kommune stilte Johnny Riise.  Marco Böhm, frå Norconsult.
GNR/BNR	Felles utmark. 19/1, 19/2, 19/3 og 19/38 m.fl. (Volda) 50/5 (?), 49/1 m.fl. (Ørsta)
Føremålet til planen	Volda kommune ynskjer Dinglavatn med nedbørsfelt + traseen for vassleidningane regulert til drikkevasskjelde.
Områderegulering	

### Planføresetnader

Detaljregulering	x
Reguleringsendring	

### Gjeldande plangrunnlag for området (namn og dato vert oppgitt)

Kommuneplanen sin arealdel	Området er ikkje regulert frå før, utanom eit område heilt sør ved Volda vassverk. (sjå under)
Kommunedelplan	<p>Volda kommune: I kdp for tidlegare Volda kommune (2016005) er området sett av til både LNF (landbruk-, natur- og friluftsføremål) og naturområde i vassdrag. Vidare er det lagt inn fleire omsynssoner som bl.a. bandleggingssone etter vassressursloven, drikkevassskjelde, omsynssone for friluftsliv m.m.</p> <p>Ørsta kommune: I gjeldande kdp for Ørsta sentrum og Hovdebygda (2012007), vedtatt juni 2015 er heile området sett av til LNF- føremål inkl. areala for Dinglavatnet.</p>
Reguleringsplan	<p>Heilt i sør går avgrensinga inn i planområdet for detaljregulering for Volda vassverk som er under handsaming. Planinitiativet må opplyse om dette.</p> 
Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)	
Pågåande planarbeid	

### Plantype

### Avgrensinga til planen

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

www.volda.kommune.no  
postmottak@volda.kommune.no

Sentralbord: 70 05 87 00  
Org. nr: 939 760 946  
Kontonr: 3391.07.81727

Planen vil erstatta fylgjande planar i heilskapen sin	
Planen vil erstatta delar av følgjande planar	Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune
Volda Kommune vil vurdera om planen skal inkludera evt. uregulerte områder	

## Planendring

Ynskete endringar i høve til gjeldande planar; <b>Hovudføremål</b>	Ein ønskjer området regulert til hovudføremål drikkevasskjelde
Ynskete endringar i høve til gjeldande planar; Andre føremål	Mogleg masseuttak/steinbrot sørvest for hovuddemninga. (Avklarast parallelt med reguleringa).

## Viktige utgreiingsbehov

Planfaglege vurderingar	
Jordvern- og landbruksfaglige vurderingar	Ikkje relevant
Naturmangfald vurderingar	Naturmangfald vurderast etter naturmangfaldslova §§8-12. Landskap, friluftsliv og rekreasjon og naturmangfald skal utgreiast/skildrast særskilt i planomtalen.
Kulturlandskap og kulturminne	Undersøkt - ingen særskilte omsyn.
Beredskapsmessige vurderingar/ROS-analyse	Sjekkliste for risiko- og sårbarheit er gjennomgått av forslagsstillar. Faremoment som går fram av sjekklista må vurderast nærare.

Born/unge, eldre, og dei funksjonshemma si interesse	<p><i>Jf. statlege retningslinjer på desse felta.</i></p> <p>Nærare vurdert under friluftsliv og rekreasjon – utgreiast/skildrast i planomtalen.</p>
Veg- og tekniske tilhøve/trafikkavvikling/transport	<p><i>Veg for tilkomst, gangveg</i></p> <p>Små justeringar i høve til vegtilkomst – stadvise utbetringar på eksisterande møteplassar + stikkrenner og grøfter. Breiddeutviding kan vere aktuelt enkelte stader, i tillegg til utbetring i første kurve etter bommen ved Raudemyrvegen.</p> <p>Ein har vurdert at vegtilkomsten ikkje skal vere med i planområdet.</p>
Støy	Ikkje relevant
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane.	<p>Masseuttak / steinbrot og andre midlertidige tiltak tilbakeførast ved avslutning og dekkast til med matjord og stadeigen vegetasjon som takast vare på i anleggsperioden. Få inn rekkefølgebestemmelsar knytt til dette. Lage ein eigen landskapsplan/tilbakeføringsplan/illustrasjonsplan. Steinbrotet må visualiserast ved hjelp av ein terrengmodell. Unngå at det blir store skjeringar og fyllingar i landskapet.</p>
Trong for utbyggingsavtale	Ikkje relevant
Særskilt trong for medverknadsprosessar	<p>Ein må legge til rette for eit ope møte på samfunnshuset i samband med oppstart av planarbeidet. Invitere breitt og offentleg.</p> <p>Friluftsforeninga bør verte involvert i prosessen for ivaretaking av friluftslivsinteressene i både anleggsperioden og etterpå.</p>
Anna	<p>Planområdet strekk seg over kommunegrensa mellom Volda og Ørsta kommune. Reguleringsplanen må delast i to planar, med ein plan for kvar kommune. Planane har kvar sin planID. Planomtalen kan vere felles for begge planane. Plankart og føresegner for dei respektive planane.</p>

	<p>Området er eit viktig friluftslivs- og rekreasjonsområde for Volda og Ørsta kommunar. Desse tema skal skildrast nærare i planomtalen og takast omsyn til.</p> <p>Mal for utarbeiding av føresegner: Det er eit krav av føresegnene utarbeidast etter «Nasjonal mal for reguleringsplanbestemmelser».</p> <p>Vedlegg: Liste over høyringsinstansar frå begge kommunane.</p>
--	---

## Konsekvensutgreiing/planprogram

Krav om konsekvensutgreiing/planprogram	
Ikkje krav om konsekvensutgreiing/planprogram	Konsulent har vurdert tiltaket i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar, vedlegg I og II. Har konkludert med at det ikkje er krav om KU, ettersom det er snakk om rehabilitering av eit eksisterande anlegg. Stadfesta av kommunen.

## Kart

Planframstilling vil vere som digitalisert plankart (SOSI-standard). Om krav til innhald, utforming, format m.m sjå forskrift om kart, stadfesta informasjon og arealføremål.

## Framdrift\*

Planlagt dato for varslings/høyring av planprogram	Ikkje relevant.
Planlagt dato for sending av planforslag til kommunen	Haust/vinter 2023
Fyrstegongs handsaming i fast utval for plansaker	Kommunen vil følgje gjeldande fristar i sakshandsaminga, dvs fyrstegongs handsaming innan 12 veker frå ferdig planforslag er motteke
Offentleg ettersyn	Kommunen sender til uttale til aktuelle uttalepartar. Høyring i minst 6 veker.  Dersom små justeringar etter høyring kan saka leggest for godkjenning i formannskap og kommunestyre. Dersom vesentlege endringar, kan det bli aktuelt med nytt offentleg ettersyn.
Andregongs handsaming i fast utval for plansaker	

Endeleg planvedtak i kommunestyret	
------------------------------------	--

\* Skissa ovanfor viser ideell framdrift. Forskrift om sakshandsamingstid skal uansett overhaldast.

## Plangebyr

Handsaming av planforslag vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt avgiftsregulativ.
--

## Stadfesting og atterhald

*Det vert gjort merksam på at førehandskonferansen har karakter som gjensidig orientering og at han ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotester, utsegner frå offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.*

Referat godkjent og kopi motteke

.....  
*Underskrift tiltakshavar*

.....  
*Underskrift Sakshandsamar*

Med helsing

Elise Hjelle Sandvik  
plan og miljørådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Kopi til  
Edvin Løfoll  
Jørgen Vestgarden

Vedlegg  
Høyringspartar Volda - Ørsta

Mottakar  
Johnny Saure Riise  
Siv Heggen Eltervaag

---

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Sentralbord: 70 05 87 00  
Org. nr: 939 760 946  
Kontonr: 3391.07.81727